



Bygdenytt



eit informasjonsblad frå Valle kommune

APRIL 2024



Valle leikarring inviterer til felles rekrutteringshelg for barn og ungdom frå heile Setesdal og Bø i Telemark **BLI MED OG DANS!**

Fredag 12 april på Sølvgården hotell kl. 19.00:

Alle er velkomne til bli kjent-kveld med pizza, quiz/kahoot og informasjon om helga.

Laurdag 13. april kl 10-16 i Hylestad soknehus:

For dei yngste (tom. 8 år):	For dei eldste (9-16 år):
Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med med Sigrid B. Berg og Sigrid K. Jore Spelemann: Eivind T.-L. Knutsen	Kl 10.00-11.00 Gangarkurs med Tor Espen Helle og Åse Solbakk Spelemann: Daniel Sanden-Warg
Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430	Kl 11.00-12.00 Matpause. Kyllingsuppe med focaccia frå Nordibø landhandel. Ved spesielle behov, kontakt Hanne Nomeland, tlf. 94480430
Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Eivind T.- L. Knutsen. Alle kan prøve å få lyd i munnharpa, spele på kazoo eller slurva! Songleikar og dans med med Åse Solbakk	Kl 12.00-12.45 Munnharpekurs med Daniel Sanden-Warg
Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske	Kl 12.45-13.00 Drikkepause, ta med eiga drikkeflaske
Kl 13.00-13.45 Songleikar og kveding med Sigrid B. Berg	Kl 13.00-13.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
Kl 13.45-14.00 Fruktpause.	Kl 13.45-14.00 Fruktpause.
14.00-14.45 Kunst og håndverk med Åse Solbakk	14.00-14.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø
14.45-15.00 Drikkepause	14.45-15.00 Drikkepause
15.00-15.45 Hallingkurs med Ingebjørg Bø	15.00-15.45 Munnharpekurs med Daniel-Sanden Warg

Arr. Valle kommune og Setesdal Spelemannslag med støtte frå Agder fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen.



Valle kommune

GJESTFRI FOR NYE TANKAR

KOMMUNEN INFORMERER



Har du lasta ned CIVIS? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Kva får du GRATIS med appen Civis?

Alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Valle kommune kjem med eit PLING inn på

mobiltелефonen din. Sjølve saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna.

Civis er ein applikasjon under utvikling. Det betyr at det blir stadig fleire tenester lagt inn. Last inn appen på mobiltелефonen, vel å fylgje Valle kommune, så er du i gang! Hugs, det er gratis å laste ned og bruke Civis.

Straumstøtte til næringslivet for perioden 1.1 – 31.3. 2024

Valle kommunestyre vedtok den 20.12.2023, sak 113/23 å vidareføre den lokale straumstøtteordninga for næringslivet. Eige skjema er no klart, og søknadsfristen er sett til 26. april 2024.

Straumstøtteordninga held fram for heile næringslivet i Valle kommune perioden 1.1.2024 - 31.3.2024. Straumstøtta skal tilsvare den statlege ordninga for privatpersonar. For privatpersonar utgjer ordninga 90 % av straumprisen over 73 øre/kWH uten moms basert på straumprisen den timen du nyttar straumen.

Viktig! Den statlege ordninga vart endra frå 1.9.23 og vert no rekna ut på grunnlag av straumprisen time for time, og ikkje den månedlege snittprisen som tidlegare. Søkjar må difor leggje fram grunnlag/ utrekning som gjev kommunen eit grunnlag for å finne rett støttenivå som svarar til den statlege støtta for privatpersonar.

KULTUR OG FRITID INFORMERER

Valle kulturskule

Vi minner om at elevplass i kulturskulen gjeld for eitt skuleår. Søknadsportal for komande skuleår opnar 15.april, og søknadsfrist er 15.mai. Det er viktig at du ikkje opprettar ny brukar dersom du har søkt om plass for elev tidlegare – du må bruke brukarnamn og passord du har frå før. Dersom du har gløymt brukarnamn sender du ein e-post til torunn.charlotte.nyberg@valle.kommune.no.

Babysong/musikk frå livets begynnelse

Det faste tilbudet om babysong i Sæbyggjen går ut resten av våren, då det er få deltakarar på tilbudet.

Oppmoding frå Bygdekinoen:

Kjøp billetter på nett!

Det går framleis an å kjøpe kinobilletter i døra, men vi set stor pris på om du førehandskjøper billetter på nett. Dette gjer det mykje lettare for oss å planleggje kinokvelden, mellom anna med tanke på mengde popkorn m.m.

Billetter kan du enkelt kjøpe på www.bygdekinoen.no / Valle kultursenter, og du kan betale både med vipps og kort.

Valle kommune har minibuss til utlån!

Valle kommune har kjøpt inn ein (snart to!) 9-seters minibuss, til utlån. Bussen kan nyttast av lag og organisasjonar og privatpersonar, til samkøyring til aktivitetar og arrangement. Dette kan vere til dømes til skisenteret, kino, konsertar, ungdomsklubb og anna. I samband med samkøyring skal låntakar så langt som råd sikre at flest mogleg får tilbod om skyss. I spesielle høve kan bussen lånast ut i samband med helgeturar, turneringar og liknande. Bussen kan enkelt tingast via BookUp som du finn på heimesida.



**OPEN DAG I
VALLE KULTURSENTER
LAURDAG 4.MAI KL. 11.00-15.00**

eigenstyrte aktivitetar
sirkus
kunstverkstad
ope basseng og badstove
kafé


Arr. Kultur og fritid

**KVAR TORSDAG ER DET SPRÅKKAFFÉ
PÅ BIBLIOTEKET KL. 18.00- 19.30**

**DET ER ENKEL SERVERING OG ME
PRATER, SPELAR AMIGO, OG HJELPER
DEI SOM TRENG DET Å BEHERSKE
VANLEG NORSK DAGELGTALE**

INTERESSERT Å BLI MED?

BARE Å KOME!



HELSESTASJON FOR UNGDOM

ONSDAGER KL. 14-15.30

VALLE HELSESTASJON

INGEN TIMEBESTILLING

DROP-IN

HELSESTASJON FOR UNGDOM

DIGITAL

ONSDAGER KL. 14-15.30

- SKANN QR- KODEN
- SKRIV NAMNET DITT
- TRYKK PÅ «DELTA UTEN PIN-KODE»



Handarbeidskveld FOR UNGDOM

Har du lyst til å lære å
strikke, hekle eller
brodere?

Går du i 5.-10. klasse?

Då er du velkommen til
kosekveld på
husfliden i Valle
onsdag kl. 17-20

Samarbeid mellom
Setesdal Husflid og
Studieforbundet kultur
og tradisjon Valle

31. januar

14. februar

13. mars

10. april

24. april

Handarbeidskveld

24. januar
på husfliden i Valle
onsdag kl. 18-21

7. februar

21. februar

6. mars

20. mars

3. april

17. april

♥
velkommen
til ein
triveleg
kveld



Gode strikkevenner gjer
verda til ein bedre
stad

Bare EN
runde til...



DON'T TALK
TO ME



I'M COUNTING

a day without
KNITTING
is like
JUST KIDDING
i have no
IDEA



E.M.KRINGEN *Helhetlig Helse*
Energi Mestring Kraft

Kurs for pensjonistar i Sæbyggjen, Valle

Tre samlingar 8.,15. og 22.april. Kl 12:30 – 14:00

Finn ro med pusten

Pusteteknikk

Øvingar


Teori

Kr 450 for medlem i Valle Pensjonistforening. Pris kr 600 for andre.

Ta kontakt for nærare informasjon og påmelding hjå Elise Marie Kringen, mobil 91 33 19 51

Valle og Bykle pensjonistlag, saman med Statens vegvesen, inviterer alle som vil til trafikk kurs 65+ 23/4 og 24/4, begge dager kl.12.00- 16.00 i Hylestad Soknehus på Rysstad.

Du melder deg på slik: Søk 65+ på [google.com](https://www.google.com) så kjem du rett på lenka du melder deg på. For oss som ikkje har godt med off. kommunikasjon, er det viktig å vere oppdaterte bilførarar. Kurset er gratis!



Program for Dagsenteret i mars.

Åpningstid kl.1030-1400

Skyss og billig middag.

Ta kontakt onsdag kl 08—09 på tlf 94504448.

Program for Dagsenter i April

Ons 3.4 Evelyn's Magasin kjem med vårmote

Ons 10.4 Monica T.Rygnestad viser bilete.

Ons 17.4 Andakt og sosialt samvær

Ons 24.4 Sosialt samvær



Valle bygdeheim

TORSDAG 25.APRIL

KL. 1030

MUSIKK I VÅRLYS

Kjente og kjære viser med

Tore Frøyshol og Rasmus Solem

- song, piano, fløyte

Dagsenter og gratis inngang. Hjarteleg velkomen!

Arr. Valle kommune

KYRKJA I MARS

HYLESTAD KYRKJE

Gudsteneste 21. april kl 16:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

VALLE KYRKJE

Gudsteneste 07. april kl 16:00 med sokneprest Toralv Frøysaa Lie, organist Knut Olav Uppstad

ANDAKT PÅ VALLE BYGDEHEIM

17. april kl 11:00

KARETREFF

Det blir karetreff i kyrkjstoga tysdag 09. april kl 1300-1500

Vafler og kaffi blir servert.

Er det nokon av innbyggjarane i Valle som kan tenke seg til å stille som kyrkjevert av og til? Då kan du melde deg til :

post@valle.kyrkja.no

Ønskjer du skyss til kyrkja kan du ringe Astrid Nomeland, tlf. 911 84 706.

Kyrkjekontoret i Valle,

tlf. 977 84 706, e-post: post@valle.kyrkja.no

Valle og Hylestad sokn

- DEN NORSKE KYRKJA

Temakveld

Med diakon Åse Gurdun Thortveit
Tema: Det vakre med å vere forskjellige

**Tysdag 16.april kl.1900 i Hylestad
soknehus.**

Musikalsk innslag, utlodning og
kveldsamat.

Alle er hjarteleg velkomne.

FRI FLYT FRÅ SELJORD PÅ BYGDEHEIMEN

ONSDAG 15. MAI KL. 13

Denne songgruppa var i Valle for fem år sidan, og det er fleire som som gjerne vil høyre dei att. Dei opptrer av og til i dei kristne TV kanalane og syng både gamle og nye kristne songar- ofte i country stil.

Set gjerne av ein time denne onsdagen og ver velkomen !

Konserten er gratis.



VISSTE DU AT DU KAN ABONNERE PÅ BYGDENYTT?

Gi oss beskjed om du vil ha Bygdenytt tilsendt på e-post, så ordnar vi det!

Innbyggjarar i Valle kommune kan også få papirversjon levert i postkassa si.

Send bestilling til sentralbord@valle.kommune.no eller som brev til Valle kommune v/ Velkomstsenter, postboks 4, 4746 Valle.



Forfatter Gunn Marit Nisja kjem til Valle på Bokkveld i Sæbyggen tysdag 30. april 2024 kl 19.00. Ho vil fortelje og lese frå dei to siste bøkene sine: «Jeg skal ta vare på deg» og «Gullungen».

Dette er eit ope møte! Alle som har lyst på ein hyggeleg kveld med foredrag, quiz og enkel servering, er hjarteleg velkomne!

Valle Bruktbutikk gav 200 000kr tilbake til bygda!

Valle Bruktbutikk vart opretta for 3,5 år sidan. Butikken er driven av frivillige. Vi får brukte varer og sel dei vidare til ein rimeleg pris.

Overskot skal gå til gode initiativ for å få aktivitet i bygda.

I 2023 gikk 200 000kr til barn og ungdoms aktiviteter med fokus på bærekraft.

Vi takker alle kunder, leverandørar og frivillige!

Følg oss på Facebook og få med deg all oppdatert informasjon og bilde av dei fine varene vi sel!

Vi leiter alltid etter fleire frivillige! Har du lyst å bli med? Det er omlag ei gong i månaden på torsdag eller fredag frå kl. 16 - kl. 19.

Kom innom butikken eller send melding til Anne Lise: 99500607

Håper me sjåast!

Måndag 08. april



Kl. 1700 - 6 år. De raske og de rå

DE RASKE & DE RÅ er en fartsfylt og helsprø animasjonsfilm for hele familien, som tar deg med på en spinnvill tur. Klare for action? Spenn deg fast! En ung og lovende racerbilsjåfør får plutselig sjansen til å konkurrere mot den regjerende mesteren. Med veiledning fra en tidligere stjerne i racer-verdenen må han takle farlige terreng, utfordrende rivaler og uventede hindringer for å vise at han har det som skal til!



Kl. 19 - 12 år - Ghostbusters: Frozen empire



I "Ghostbusters: Frozen Empire" vender Spengler-familien tilbake til stedet der alt startet: den ikoniske brannstasjonen i New York City. Her slår de seg sammen med de opprinnelige Ghostbusters, som har utviklet et topphemmelig forskningslaboratorium for å ta utrydding av spøkelser til neste nivå. Men når oppdagelsen av en gammel gjenstand slipper løs en ond kraft, må gamle og nye Ghostbusters slå seg sammen for å beskytte hjemmet sitt og redde verden fra en ny istid.

**Kjøp gjerne kinobillett på www.bygdekinoen.no .
Klikk på spelestad Valle, Valle kultursenter.**

**Film er best på kino - støtt din lokale kino!
Vi har egen kinokiosk med nypoppa popkorn og litt anna snacks og drikke. Velkommen skal du vere!**

Kva skjer?

www.valle.kommune.no/http://www.valle.kommune.no/site/234594.no.html

7.4 Kl. 18	Gudsteneste, Valle kyrkje
8.4 Kl. 17	 Bygdekinoen
9.4 Kl.13	Karetreff, kyrkjestoga
9.4 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
9.4 Kl. 17	Handarbeidskveld for ungdom, Husfliden
10.4 Kl. 19	Danseøving, sæbyggjen
12.4 Kl. 19	Rekrutteringshelg - Bli kjentkveld md pizza og kahoot og info om helga, Sølvarden
13.4 Kl. 10	Valle leikarring inviterer til felles rekrutteringshelg, Soknehuset
15.4 Kl. 19	Danseøving, Sæbyggjen
16.4 Kl. 16	Familiebading/Fritidssymjing
16.4 Kl. 19	Temakveld med diakon Åse Gudrun Thortveit, Soknehuset
17.4 Kl. 18	Handarbeidskveld, Husfliden
22.4 Kl. 10	Barseltreff/barnetreff, Hovden helsestasjon
22.4 Kl. 17	 Bygdekinoen
23.4 Kl. 12	Trafikk kurs for alle, Soknehuset
24.4 Kl.12	Trafikk kurs for alle, Soknehuset
25.4 Kl.10.30	Konsert med Tore Frøyshol og Rasmus Solem, Dagsenteret
30.4 Kl.16	Familiebading/Fritidssymjing
30.4 Kl. 19	Forfatter Gunn Marit Nisja, Sæbyggjen
01.5 Kl. 14	1.mai arrangement med Valle AP, Soknehuset Hylestad
2.5 Kl.19	Himmeluret av Gabriel Scott, sæbyggjen
4.5 Kl. 11	Open dag! Sirkus, målverkstad, ope basseng/badstove Valle kultursenter

**Frist for innsending til Bygdenytt
for MAI er 25. APRIL.**

**VI BED ALLE LAG,
ORGANISASJONAR OG ALLE ANDRE
ARRANGØRAR OM Å SENDE
INFORMASJON OM ARRANGEMENT OG
AKTIVITETAR TIL
AKTIVITETSKALENDEREN PÅ
HEIMESIDA TIL VALLE KOMMUNE.**

**Hugs også å sjekke kalenderen
når du planlegg eit arrangement,
og vis omsyn dersom datoen er «oppteken»,
så unngår vi kollisjonar.**

Send din info til

sentralbord@valle.kommune.no